

NVE
nve@nve.no

Grinde den 18.03.2016

Registreringsnummer:

Solheim kraftverk 7578
Røyrvik kraftverk 7031
Øyrane kraftverk 7024
Haugaelva kraftverk 6076

Saksnummer:

Solheim 20130268
Røyrvik kraftverk 201300243
Øyrane kraftverk 201300231
Haugaelva kraftverk 201000184

Siste del: v/ sakhandsamer Elisabeth Dahle: Leikanger den 7. mars 2016

Registreringsnummer

Ommedal kraftverk 7072

Saksnummer

Ommedal kraftverk 201300411

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 6.081. Kraftverket ligg i Midtre Nordfjord Turlag sitt virkeområde sjå <https://mnt.dnt.no/>.

Friluftsliv i Storfjordenområde:

Midt i mellom Ålfoten og Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde ligg Storfjorden der 4 konsesjonssøknader er oppe til handsaming.

Røyrvikstøyle er ein turbotrimpost, her er ingen T-merka stier som turlaget har med i sine program. Området har til dels spesielt gode kvaliteter, men turfolk flest har nok blitt tiltrukka av landskapsvernområdet i aust og i vest...

Solheim kraftverk

Slukeevne 200% eller 0,820 kbm/sek middelvassføringa 0,410 kbm/sek

Fallhøgde 193 m 318 MOH – 127 MOH



Minstevassføring sommer 0,015 kbm/sek
Minstevassføring vinter 0,010 kbm/sek

Utbyggingsprisen kr 4,26

Produksjonen 3,74 GWh

I konsekvensutredningen skulle det klart ha komme fram kva for konsekvens reguleringen av Solheimsvatnet kan ha for myrområda rundt vatnet. Ein regulering sjølv nær naturlige nivåer i vatnet kan ved frekvente gjentak likevel medføre store endringar i miljøet rundt vatnet, evt føre til utglidning av (myr)masser.

Hekking vil bli problematisk for fugl som hekker nær vannkanten.

Synfaring kan gjerne avklare meir om ein 3 m høg demning (1,5 m regulering) er fornuftig. Ein er smertelig klar over at desse tiltak vil medføre ein høgare utbyggingspris pr kWh.

Storelva vil med ein utbygging som planlagt måtte bli verdiløst med tanke på sin status som raudlista naturtype elveløp. Kraftstasjonen er i søknaden plassert ca 150 m sør for elveutløpet. Eit alternativ der kraftstasjonen kunne vore plassert såleis at vatnet kunne ha vore ført tilbake i elva ein strekning er ikkje utgreia, men kunne da ha spart elveutløpet noko. .

Den omsøkte utbygginga no, har riktignok ein restvannføring på 70 ltr/ sek, men denne verdien er ein middelvannføringa, ein kan anta at alminnelig lågvassføring av restvatnet er ca 3% eller 2 ltr/ sek. Sagt på anna måte, lite vatn i tørre perioder og det er dette som tross alt er nålaugo for livet i og ved elva.

Samla belastning: Sagafossen kraftverk med Storfjorden som reguleringsmagasin er eit stort naturinngrep frå før. Her er eit linjenettet til lokalt bruk, men også høyspentlinjer som følger dalføret.

I tillegg er det søkt om ulike småkraftverk i Gloppenpakka som no er til handsaming, nokre av dei er avhengig av nytt nett for å få den produserte straumen ut på hovednettet.

Gjengedalsutbygginga er komme til NVE, Storebru-Gjengedal høyspent kan verte bygt og ein del av kraftverka som no har søkt konsesjon vil vere avhengig av denne nye linjen.

SFT kan vere positiv til ein utbygging på vilkår av at slukeevne vart redusert til 150% og at Solheimsvatnet ikkje vert regulert. Minstevassføring må også aukast monaleg, dersom eit alternativ for flytting av kraftstasjonen og tilbakeføring av vatn til elva før elveutløpet ikkje er mogleg. Effekten av dette er at det vil jamnt renne meire vatn i Storelva og derved kanskje ta tilstrekkelig vare på raudlista naturtype elveløp (NT).

Røyrvik kraftverk

Slukeevne 180% av middelvassføringa

Overføring av Langevassgrova

70 meter fallhøgd 262 MOH – 192 MOH.

Foreslått minstevassføring på 0,082 kbm/sek.



Utbyggingsprisen kr/kWh 4,12

Produksjon 5,18 GWh

Naturmangfald/konsekvensar:

I Aurland Naturverkstad sin konsekvensanalyse for Røyrvikvatnet er det lista opp fleire spesielle forhold. Elvemosevegetasjonen (EN) vekker oppsikt. Kalkrik berggrunn kan vere årsak til spesielle funn her. Også Langevassgrova har relativt sjelden funn av breiull, som er avhengig av vatn med høg pH.

I influensområdet er ellers registrert gubbeskjegg, olivenfiltlav og skorpefiltlav desse er plassert i kategorien NT.

Verdivurderinga i samband med naturmangfaldet er sett til stor til middels verdi. Dette er sjelden kost i BM samanheng. Det er også ærleg orientert om at enkelte raudliste skorpelav og moser kan vere oversett under synfaringa!

EDNA har registrert Røyrvikvatnet og naturkvalitetane, Aurland Naturverkstad har bekreftet dette. Dèt i tillegg til tvil om registreringene er komplette antyder at det biologiske mangfaldet er utenom det vanlege!

Ut frå dei registrerte naturverdiane aleine vil ein be om at det *ikkje vert gjeve konsesjon til Røyrvik kraftverk.*

Øyrane kraftverk

3 alternativ

Slukeevne 200% av middelvassføringa for alle tre alternativ

287 meter fallhøgd 552 MOH – 265 MOH

Foreslått minstevassføring 0,040 kbm/sek sommer

Foreslått minstevassføring 0,036 kbm/sek vinter

Utbyggingsprisen kr/kWh 2,97/3,01/3,49

Produksjon 11,6/11,4/9,87 GWh

Naturmangfald/konsekvensar:

Røyrvikstøylsvatnet 552 MOH. (Sårbar høg fjellsterreng). I dette miljøet vil det være viktig og unngå endringer i vannstanden utover den som er naturleg. Evt oppdemning eller regulering og skiftende vannstand til ulik tid kan påverke erosjon. Område nær støylene kan sjå ut som å kunne være spesielt utsatt. I tillegg er her registrert storlom. Av spesielle raudlista funn kan ein nemne *NT trua planter/lav praktdraugmose.*

I 2015 kom det fram at biologisk mangfald rapporteringa i stor grad gav eit for svakt bilete av virkeligheita. For Gjengedal utbygginga gjennomførte naturvernforbundet med Geir Gaarder og

Torbjørn Høitomt (biofokus-notat 2015-41) ein undersøkjing som viste ein til dels grov underrapportering. NVE har også fått stadfesta underrapportering av det biologiske mangfaldet i ein eige sjekk/internkontroll der 20 innkomne konsesjonssøknader vart dobbelsjekka!

Kraftlinje som er tenkt brukt frå Gjengedal til Storebru er konsesjonssøkt.

Rongkleiva kraftverk som er i drift har fått melding om at det vert kravd innmatingsavgift på deira produksjon ved evt bruk av ny 132 kV kraftlinje. Det er grunn til å tru at Røyrvik og Øyrane kraftverk vil måtte regne med innmatingsavgift for deira produksjon også. Noko som vil måtte ha innverknad på summen av samfunnsnyttan av heile prosjektet. Naturverdiene er store og i framtida vil urørt natur bli ein etterspurt vare som samfunnet i større grad vil nytte seg av. Ein kan ynskje seg ein bærekraftig utvikling av denne naturgåva. Naturen vil vere mest interessant utan å føre vekk vatnet som er eit hovedelement for opplevinga.

Gjengedalsutbygginga er svært omstridt grunna dei påviste naturverdiane i Gjengedalsgjelet.

EDNA:

Røyrvikvatnet og Øyravatnet er registrert i EDNA som viktige naturområdet i Sogn og Fjordane. Det er lite turinteresser i dette området for tida, truleg delvis for at det er etablert to landskapsvernområde like ved, der ein har turlagshytter og merka stier. Likevel meiner ein at området som er til vurdering for kraftutbygging har eit stort potensiale, her er fleire nær trua lav og mosearter og eit viltområde av stor verdi.

Under sterk tvil, vil ein kunne stille seg positiv til ein avgrensa utbygging i Nipeelva.

Alternativ 2 er alternativet ein i så fall kan godta på visse vilkår. Røyrvikstøylsvatnet skal ikkje regulerast.

I området er gjort funn av raudlista arter og ein skal ta omsyn til desse under byggeprosessen. Her er også tenkt permanent bilveg opp, noko som kan styrke grunneigarane sin rett til å bruke skogressursene. Her er funne gubbeskjegg, olivenfiltlav, skorpefiltlav og sprikeskjegg, skogavvirkning må – som alltid – skje etter miljøstandarden Levende skog, som gjeld. Området er eit viktig leveområde for dyr og ein må ved konsesjonstildeling sette vilkår om at grunneigarane må sette grense for bruk av motoriserte kjørety.

Ein syner ellers til de 6 føreslåtte avbøtande tiltak som Aurland Naturverkstad har ført i penn.

Som nemnt *under tvil*, for her er usikkerheitsmoment i forhold til vanntemperaturen, som truleg vert lågare ettersom vatnet no renn i rør og ikkje over det soleksponerte elveleiet. Alt som elvevatnet tidligare i det naturlege leiet tok med seg nedover til Øyravatnet vert no ikkje teke med, til ulempe for økosystemet i vassdraget nedover. Minstevassføringa i Langevassgrova må bli så stor at effekten av ei kalkåre som fører til ein høgare pH i elvevatnet og vidare nedover i vassdraget vert merkbar. .

Haugaelva kraftverk

Slukeevne 200% eller 0,750 kbm/sek middelvassføringa 0,374kbm/sek

Fallhøgde 355 m 480 MOH – 125 MOH

Minstevassføring 0,046 kbm/sek sommer

Minstevassføring 0,011 kbm/sek vinter

Utbyggingsprisen 3,26 kr/kWh



Produksjon 7,6 GWh

Norsk Grønnkraft (Aquila)

Naturmangfold/konsekvensar:

Argumentet at kraftproduksjonen kan bidra til å styrke fortsatt bosetting i grenda er ikkje fullgod. Elva vert redusert til 46 liter vatn pr sekund sommerstid. Elva renn gjennom Eimhjellengrenda og vil med den omsøkte minstevassføring og få flommer bli kraftig redusert på fleire vis. Elva er livsnerve for flora og fauna, men likeså for dei som bur, eller kan tenkje seg å bu i bygda. Å ta mesteparten av dynamikken frå elva vil ikkje auke butrivselen eller stimulere til bosetting. I vedlegg 6 er ein visualisering av elva ved 110 l/sek. 46 l/sek er vil være meir enn ein halvering av dette nivået!. Haugaelva er idag også resipient for jordbruksaktiviteten og vannkvaliteten vil bli redusert med denne minstevassføringa. Vassdirektivet må vurderast i forhold til denne minstevassføringa på anadromstrekning.

Ein vesentleg auka av minstevassføringa og reduksjon av slukeevne til 150% av middelvannføringa vil bidra positivt til at elva kan ha ein betydning i landskapsbilete, for naturmangfaldet og for trivselen for de som bur i Eimhjellenbygda.

Området har ein registrert forekomst av gammel barskog. Anleggsveien og eksisterende veg til Utigardstøylen er vanskeleg å sjå på kartet, veg i røyrgatetrase kan synes å være bratt. . Synfaring vil kunne avklare meire omkring dette.

For turlagsaktiviteten i området sjå innleiinga.

Konklusjon:

konsesjon

Solheim kraftverk 7578	på vilkår	ja
Røyrvik kraftverk 7031		nei
Øyrane kraftverk 7024	ingen regulering	ja
Haugaelva kraftverk 6076	på vilkår	ja

For Sogn og Fjordane Turlag,

Naturvernutvalet Ron Overdevest, leiar
Telefon: 97674654

NVE
nve@nve.no

Leikanger 07.03.2016

Registreringsnummer

7072

Saksnummer

201300411

Konsesjonssøknad Ommedal Kraftverk i Gloppen i Sogn og Fjordane, høyringsfråsegn frå Sogn og Fjordane Turlag.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 6.081. Kraftverket ligg i Midtre Nordfjord Turlag sitt virkeområde sjå <https://mnt.dnt.no/>.

Friluftsliv i Ommedalen:

Sogn og Fjordane turlag har ikkje viktige turruter som vert direkte rørde ved denne utbygginga, men ved Gjengedalsstøylen ein viktig inngang til Gjengedal-Naustdal landskapsvernområde, går ein mykje brukt sti over til Vasslivatnet og Ommedalsstøylen. For friluftslivet er det opplevingsverdier knytt til fossane og stryka i Ommedalstverrelva av ein flott vassdragsnatur som vert råka ved ein utbygging. Dei viktigaste turrutene er knytt til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde og Ålfotbreen landskapsvernområde. Men Ommedalstverrelva er ein del av opplevingane på veg inn til turterrenget.

Ommedals- og Gjengedalsvassdraget er flott og mektig med si naturlege vassføring og mange flotte fossefall. Sideelvane er ein del av heilskapen og særleg Ommedalstverrelva gir eit mektig inntrykk.

Fylkesdelplan for friluftsliv

I Fylkesdelplanen (1995) Del II er Naustdal/Gjengedalsområdet utpeikt som eit nasjonalt og regionalt område for utøving av friluftsliv, dvs eit område som er viktige for store brukargrupper og der det ikkje er ønskjeleg med aktivitetar som reduserer høve til å utøve tradisjonelt friluftsliv. Planen viser ikkje absolutt avgrensing, så det er kommunane som må fastsette dei detaljerte grensene gjennom sine planar. Kraftutbygging, hyttebygging og intensive reiselivstiltak vil vere konfliktfylt i store delar av området i høve til friluftsliv.


Friluftsliv er lite i konflikt med tradisjonell næringsdrift i landbruket.

På vestsida av Ommedal ligg det lokalt viktige friluftsområde, medan området aust for Ommedal er regionalt viktige friluftsområde. Opp Ommedal går det sti til Gamlesetra og Ommedalsstøylen og vidare langs Vasslivatnet til Storevatnet og Gjengedalsstøylen. Etter at det kom veg opp til Ommedalsstøylen følgjer fleire bilvegen opp og startar turen fyrst ved Ommedalsstøylen.





Frå fylkesatlas.no Lokalt viktige friluftsområder med blå skavur og regionale friluftsområde med grøn skarvur



Villreinen sine leveområde strekker seg ned i skogen og godt inn i planområdet for inntak og inngrep: frå ww.fylkesatlas.no

Avstanden opp til landskapsvernområdet er kort.

Landskapsverdiar:

Frå regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging, finn vi at Hyefjorden, sørvestsida av Gløppefjorden bl.a også har fått nasjonal verdi som fjordlandskap. Vestsida av Hyefjorden grensar

inn mot Ålfoten landskapsvernområde, medan austsida også har eit urørt preg. Totalt i dette delområdet er det registrert 29 fossar/stryk som er viktige landskapselement, der minst ein fjerdedel vil få redusert vassføring som følge av vasskraftutbygging (2010). Delområdet grenser opp mot store verneområde på alle kantar.

Dette gjer, meiner vi, at det er ekstra grunn til å ta i vare viktige landskapselement inn mot landskapsvernområda og innfallsportane til desse.

Ommedalselva dannar små og store fossar og stryk på heile den bratte prosjektstrekninga, noko som gjer elva godt synleg og til eit viktig landskapselement i Ommedalen, både for dei som ferdast forbi og som dei skal til Ommedalsstøylen og vidare inn i fjellet mot Vasslivatnet og Gjengedalsstøylen.

Naturverdiar, raudlisteartar:

Hønsehauk er ein var art, nær trua, som treng særskilt omsyn, spesielt i hekketida. Elles er her registrert på både kongeørn og falk, ikkje spesifisert.

Alm er nær trua og utsett for almesjuke. Isolerte bestand som gjerne mindre lett vert smitta, er viktige å ivareta. Innslag av edeallauvtre fortel og om rikare innslag og godt lokalklima.

Strandsnipe er ein art som går att frå mange lokaliteter. Her er det ein mindre del av elva som vert nytta til næringssøk og det har difor liten verdi for arten, men summen av mange inngrep i arten sine leveområde og reduksjonen av biologisk produksjon i elvane, vil utgjere ein større verknad på sikt.

Det er summen av alle slike arealtap som utgjer den største trusselen for artsmangfoldet.

Når det gjeld mosar og karplanteflora er det ikkje funne raudlisteartar, men sporloggen viser at det ikkje er undersøkt noko særleg nær elva på sørsida, ein har fulgt stien opp lia og holdt jamnt god avstand til elva og det er ikkje undersøkt noko på nordsida! Ei heller langs Ommedalstverrelva nedstrøms inntaket før samløpet viser sporloggen att. Dette er for svakt!

Utifrå dette trekker konsulentane sine konklusjonar, det er ikkje «samla inn» raudlisteartar av mose og de verdifulle naturtypene bekkeløft og fossesprøytonene er gitt liten verdi (C). Desse skulle vore gitt middels verdi (B). Innsamlinga viser at dei som har gjort feltarbeid ikkje har hatt kunnskap til å kjenne artane og dermed heller ikkje kva artar dei skulle sett etter..

Når vi ser at det er dei same konsulentane som har undersøkt Gjengedalsgjelet og -elva, vert dessverre tilliten til kvaliteten på feltarbeidet og konklusjonane svært liten. Etterundersøkingane og rapporten frå Bioforsk frå Gjengedalselva viste til slett feltarbeid og urett nedklassing av verdiane i Sweco sitt arbeid. Vi har ikkje hatt høve til å undersøkje elva og tilgangen til denne nærare, men utifrå kartet stiller vi spørsmål ved om ikkje deler av elva burde vore undersøkt nærare grunna faktisk tilgjenge, enn det GPS-loggen viser til og truleg av meir kompetent fagpersonale.

Det generelle inntrykket ein sit att med etter å ha lese søknaden og om naturverdiane er at desse er av liten verdi jamnt over. Det er nær opp til trøytsamt at alt er av så liten verdi. Sjølv ikkje dei verdifulle naturtypane har nokon verdi. Vi stiller oss altså kritiske til truverde av konklusjonane og ber NVE vurdere desse nøye! Vi meiner det er god grunn for å be om tilleggsundersøkingar om det ikkje er klart avslag for søknaden.

Nærliggende utbygde vassdrag og sumverknad av inngrep:

Frå konsesjonssøknaden kan vi lese at ikkje mindre enn 6 kraftverk (inkl. Tverrelva) allereie er utbygd nærare enn 10 km frå Ommedalstverrelva. Med denne og dei 12 andre i Gloppen-pakken synder dette eit heller stort ønskje om utnytting av eksisterande vassdragsressursar i området og kommunen. Sumverknadane i fjordlandskap av nasjonal verdi kan verte vel store om ein ikkje avslår dei av sakene der verdiane er store eller vesentlege.

Inngrep og omfang:

Inntaksbasseng og inntak i to elvefar nær opp til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde og i leveområdet til villreinen. 1,4 km elvestrekning vil verte påverka.

Retningsstyrt borettunnel på det meste av strekninga vil gje noko reduserte inngrep, men 300 meter nedgrave røyr ved støylen og vel så lang veg på 380 meter kjem i tillegg høgt i terrenget. Evt andre planar eller beskytta område, her meiner vi tiltaket/inngrepa kjem nær i leveområda til villreinen i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde og Førdefjella villreinområde.

Nettilknytning:

Nettet i området har i dag ikkje kapasitet for Ommedal kraftverk. Det er søkt om ein ny 132 kV line gjennom Ommedal og Gjengedal for å få fram krafta. Denne vil gje ytterlegare store inngrep i landskapet, og sumverknaden av ny line og evt fleire nye kraftverk i området vert vesentleg. Desse inngrepa og sumverknadane må vurderast samla for Hyen – Hope – Gjengedalen.

Minstevassføring:

Det vert søkt om minstevassføring lik 5-persentilen. Rett nok veit vi for lite om denne er stor nok til å oppretthalde dei vasstilknytte naturverdiane i og langs vassdraget. For det visuelle inntrykket av elva synes dette lite, om ein ønskjer å oppretthalde inntrykket av elva som eit viktig landskapselement.

Konklusjon:

Vi kan vanskeleg sjå at tapet av ei frittrennande Ommedalstverrelv, både naturkvalitetane knytt til elva og elva som eit særskilt viktig landskapselement, samt inngrepa i landskapet med ei ny 132 kV-line gjennom dalen, kan forsvare ny kraftproduksjon. For friluftslivet og landskapsnytarane er elva klart å føretrekke slik ho renn i dag!

Med venleg helsing

Sogn og Fjordane Turlag, naturvernutvalet
Ron Overdevest, leiar

Sakshandsamar, Elisabeth Dahle, koordinator
Forum for natur og friluftsliv, mob.:480 20 532